



Business Region Bergen
Strandgaten 6
5013 BERGEN

Dato: 29.04.2014
Vår ref.: 2014/15863-1
Saksbehandlar: sirhans
Dykkar ref.:

Tildelingsbrev til Business Region Bergen i 2014

Tilhøve mellom Business Region Bergen AS og Hordaland fylkeskommune er regulert i «Avtale om samarbeid og leveranser av tjenester mellom Business Region Bergen AS og Hordaland fylkeskommune» datert 17.12.2009. Hordaland fylkeskommune skal yte økonomisk vederlag for tenestene frå Business Region Bergen AS.

Etter vedtak i Fylkesutvalet i sak 54/14 19.02.2014 er Business Region Bergen AS tildelt totalt 4 180 000,-: Løyvinga vert delt slik mellom drifts- og prosjektstøtte:

Driftstøtte: kr 2 400 000,- + mva
Prosjektstøtte: kr 1 780 000,- + mva

Av prosjektstøtta er 200 000,- øyremerkt Knowledge HUB Bergen.

Det ligg vidare til grunn at prosjektmidlane skal rettast mot utviklingsprosjekt som er forankra i Strategisk Næringsplan 2010 – 2014 og samstundes bidra til å oppnå måla i Næringsplan for Hordaland 2013 – 2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland for 2014.

Rapportering

Generell rapportering på verksemda sin aktivitet vert gitt til fylkeskommunen i form av den årlege årsrapporten for Business Region Bergen.

Det skal i tillegg rapporterast skriftleg til fylkeskommunen på bruken av tildelte midlar innan 1. juli året etter det aktuelle driftsåret. Prosjekt og drift skal rapporterast kvar for seg. Rapporteringa skal skje i høve til «Avtale om samarbeid og leveranser av tjenester mellom Business Region Bergen AS og Hordaland fylkeskommune» datert 17.12.2009.

Business Region Bergen må vere førebudd på å skaffe fram andre økonomiske oversikter som fylkeskommunen ber om. Ein tar atterhald om eventuelle endringar i rapporteringas innhald og rutine.

Utbetaling

Løyvinga vert utbetalt ved påkrav ved faktura frå Business Region Bergen AS. Dersom føresetnadane for utbetaling ikkje er oppfylte, kan fylkeskommunen krevje hele eller delar av tilskotet tilbakebetalt.

Kontroll

Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskotet vert haldt. Business Region Bergen pliktar difor å gje dei opplysningane fylkeskommunen ber om og som er regulerte i avtalar og

retningslinjer. Etter Stortinget sitt løyvingsreglement har Riksrevisjonen rett til å kontrollere at tilskotet vert nytta etter føresetnadene.

Kommunikasjon

Oppdraget og tildelinga føreset at partane følger intensjonen i avtalar og regelverk og held god kontakt. Særleg er det viktig at fordeling av oppgåver som ligg tett opp mot partane sine ansvarsfelt vert klargjorde. Det er elles eit mål at vi på administrativt nivå møtest til uformelle samtalar fire gangar for året.

Vi ser fram til eit godt samarbeid og ynskjer Dykk lukke til med arbeidet i 2014.

Kontaktpersonar

- Næringssjef Mette Nora Sætre, telefon 55239119 epost: mette-nora.saetre@hfk.no
- Seniorrådgjevar Siri Hanson, telefon 55239286 epost: siri.hanson@hfk.no

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.